



Fylkesmannen i Hordaland

ELKJØP STORD  
Postboks 4 (JE)  
4296 Åkrehamn

Bergen, 13. desember 2018

Dykker ref.:  
Vidar Myhre Hope

Vår ref.(oppgi ved svar):  
2018/14035  
Sakshandsamar:  
Silje Tingstad

## Rapport etter inspeksjon ved Elkjøp Stord

Kontrollnummer: 2018.134.I.FMHO

### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:  
Vidar Myhre Hope

Frå Fylkesmannen i Hordaland:  
Silje Tingstad  
Nina Vadøy

### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Elkjøp Stord 8. november 2018. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Hordaland avdekkja 2 avvik og ga 1 merknad under inspeksjonen innan følgjande tema:

- Oppbevaring av EE-avfall
- Informasjon om mottak av EE-avfall
- Lagring av EE-avfall med sensitive data

Avvik og merknader er nærmere omtalte frå side 4 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærmere omtalt på side 3.

### Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

---

Silje Tingstad  
overingeniør

---

Nina Vadøy  
overingeniør

Kopi til: Stord kommune

## 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

### Ansvarleg eining

<b>Namn:</b> ELKJØP STORD	<b>Eigd av:</b> 998229243
<b>Organisasjonsnr.:</b> 973066307	
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 47.540 - Butikkhandel med elektriske husholdningsapparater	

### Kontrollert eining

<b>Namn:</b> Elkjøp Stord	<b>Anleggsnr.:</b> 1221.0122.01
<b>Kommune:</b> Stord	<b>Fylke:</b> Hordaland
<b>Anleggsaktivitet:</b> Produktforhandler	
<b>Løyve gitt:</b> -	<b>Sist endra:</b> -

## 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen inngår i Fylkesmannen sin aksjon for EE-avfall hos forhandlarar.

Tilsynet vart gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

### Inspeksjonstema

Tema for aksjonen var forhandlars plikt til mottak, sortering og oppbevaring av EE-avfall, og plikta til å informere om dette.

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekkja under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

### Definisjonar

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

**Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

### **3. Oppfølging etter inspeksjonen**

Elkjøp Stord pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at Elkjøp Stord innan 15. februar 2019 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber også om at verksemda sender inn ei kort utgreiing av korleis merknaden er vurdert, eventuelt korleis merknaden vil verte følgd opp.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post ([fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no)) til Fylkesmannen i Hordaland v/Silje Tingstad.

### **4. Vedtak om gebyr**

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda 7. november 2018. Verksemder skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Elkjøp Stord betale eit gebyr på kr 5 200,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebrysats 5 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

#### **Klagerett**

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Hordaland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagan til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

### **5. Innsyn**

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Hordaland (jf. offentleglova).

## **6. Avvik**

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

### **Avvik 1**

Verksemda si oppbevaring av EE-avfall er mangelfull

#### **Avvik frå:**

Avfallsforskrifta § 1-5

#### **Kommentarar til regelverket:**

Forhandlar skal sørge for at EE-avfall som er motteke vert sortert frå anna avfall og vert oppbevart på eigna stad, som ikkje er skjemmande eller fører til fare for forureining eller skade på menneske eller dyr. Moglegheita for førebuing til ombruk, materialgjenvinning og utsortering av komponentar i EE-avfallet skal ikkje bli redusert. Det vil normalt bety at avfallet må lagrast på fast dekke og skjerma for vêr og vind. Forhandlar skal setje i verk tiltak for å forhindre tjuveri av EE-avfall.

#### **Avviket er basert på følgjande observasjonar:**

Småelektronikk vert lagra i opne bur utandørs. Kvitevarer vert lagra i container utan lås. Det var opplyst at verksemda tidlegare hadde lås på containeren, men denne var no fjerna. Det vart opplyst at til dømes PC-skjermar vart knust slik at dei ikkje skulle vere så attraktive for tjuveri. EE-avfallet er ikkje skjerma for vêr og vind. Dette og praksisen med å knuse EE-avfall, kan føre til risiko for forureining og redusere moglegheita til ombruk, materialgjenvinning mm.

### **Avvik 2**

Informasjonen verksemda gir til kundar om mottak av EE-avfall er mangelfull

#### **Avvik frå:**

Avfallsforskrifta § 1-6

#### **Kommentarar til regelverket:**

I avfallsforskrifta § 1-6 står det at forhandlar skal informere om at EE-avfall ikkje skal kastast saman med anna avfall og at det vert tatt imot vederlagsfritt. Det skal informerast gjennom oppslag i alle butikklokale, framvisings- og utstillingslokale, på mellombelse utsalsstader og i alt sals- og informasjonsmateriell som vert publisert, både i elektroniske og papirbaserte media. Teksten skal vere lett å få auge på, lett å lese og skilje seg frå anna informasjon.

#### **Avviket er basert på følgjande observasjonar:**

Det var ikkje informasjon i butikklokalet om at verksemda tek imot EE-avfall.

## **7. Merknader**

Vi ga følgjande merknader under inspeksjonen:

### **Merknad 1**

Oppbevaring av EE-avfall med sensitive data

#### **Kommentarar:**

I avfallsforskrifta § 1-5 står det at det skal vere eit tilbod om at EE-avfall som kan innehalde sensitive data kan oppbevarast i stasjonær låst behaldar eller ved tilsvarende sikker lagring.

EE-avfall med sensitive data vert oppbevart i eit skap på lageret til butikken. Derfrå vert det plassert rett i containeren når den vert levert. Verksemda bør vurdere sikrare lagring for EE-avfall som kan innehalde sensitive data.

## **8. Dokumentunderlag**

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- forureiningslova med underliggende forskrifter
- avfallsforskrifta kapittel 1 om kasserte elektriske og elektroniske produkt
- internkontrollforskrifta

## **9. Brosjyrar**

Faktaark M-116/2014 Når EE-produkt blir avfall

<http://www.miljodirektoratet.no/Documents/publikasjoner/M116/M116.pdf>

Faktaark M-297/2015 Gebyr ved kontroll

<http://www.miljodirektoratet.no/Documents/publikasjoner/M297/M297.pdf>